

Helse- og omsorgsdepartementet

Vår ref.:  
2003/305 - 3861/2009

Deres ref.:

Saksbehandler:  
Ingvill Skogseth, 51 96 38 12

Dato:  
5.10.2009

## Høyring av forslag om ny forskrift om strålevern og bruk av stråling (strålevernforskrifta)

Vi viser til høyringsbrev med utkast til ny forskrift om strålevern og bruk av stråling (strålevernforskrifta).

### Generelt

Ny forskrift om strålevern og bruk av stråling er relevant for våre helseforetak fordi både ioniserende og ikkje-ioniserende stråling blir brukt i både i samband med undersøking og behandling av pasientar, laboratorieverksemd og forskning. Når det gjeld forslag til strukturelle endringar om forebygging og tiltak mot forureining av det ytre miljø, har vi ikkje uttale til dei områda då det ligg utanfor vårt ansvarsområde.

Helse Vest RHF har følgjande kommentarar til innhaldet av paragrafane i utkast til ny forskrift basert på innspel frå helseforetaka.

### Kommentarar

#### § 16 Krav til strålevernkoordinator

Helse Vest RHF støttar forslaget om å endra tittelen *strålevernansvarleg*. Ansvaret her ligg som på andre områder hos leiinga. Tittelen *strålevernkoordinator* gir nødvendigvis ikkje stillinga den tyngde den bør ha. Eit forslag kan vera å bruka ombodsbegrepet, strålevernombod og eventuelt lokalt strålevernombod. Tittelen vil kunne bidra til ei betre forståing for oppgåvene og rolla som er lagt til strålevernansvarleg. Det kan presiserast at HMS gjeld tilsette og eventuelt tredjepersonar, men ikkje pasientar.

#### § 25 Skjerming og sikkerheitsutstyr

Vi viser til §§ 6 og 30. Det kan også visast til § 29 der kravet om bygningsmessig skjerming (1 mSv) for yrkeseksponerte, indirekte er nemnt, jf § 20 i noverande forskrift.

#### § 26 Arbeid med opne radioaktive strålekjelder

I tabellen blir det referert til vedlegg punkt 2. Vi finn ikkje eit slikt punkt som vist til.

§ 29 **Generelle krav til klassifisering og merking av arbeidsplassen**

Eventuelt kan heile 3. ledd flyttast til § 25.

§ 30 **Dosegrenser mm.**

Det blir referert til dosegrenser/stråledosar oppgitt i mSv. Det er vanleg å bruke persondosimeter som rapporterer stråledose relatert til eintydige nemningar som H(0,07) eller H(10). Det er ønske om betre synleggjering av desse forskjellane i forskrifta.

§ 33 **Doserapportering**

Det er uklart om kravet om å oppbevare doserapportane også gjeld dei som brukar persondosimetertene frå Statens strålevern. Det kan i tilfelle presiserast og i tillegg nemnast i § 32.

§ 41 **Representative doser/administrert aktivitet til pasient**

Det bør presiserast at hensikta med diagnostiske referanseverdiar/referansenivå ikkje berre er å redusere for høge representative dosar. Det er også viktig at for lave representative dosar skal føre til gjennomgang av prosedyrane, for å sikre at undersøkinga gir tilstrekkelig informasjon.

§ 43 **Medisinsk kompetanse**

Det kunne vera ønskeleg med ei presisering av kva som meinast med radiologisk kompetanse. Spesialistutdanninga til aktuelle disiplinar inneheld svært få emne om strålevern og strålebruk.

§ 46 **Kompetanse for å betjene apparatur for medisinsk strålebruk**

Forskrifta stiller krav om at radiograf eller lege skal betjene apparatur for medisinsk strålebruk. Det stilles altså krav til spesifikk autorisasjon. Dette var ikkje eit krav i forskrifta frå 2003 der det heiter i § 33: ”... eller personell med dokumenterte tilsvarende kunnskaper om strålebruk og strålevern”. Vi er einige i at betjening fortrinnsvis blir utført av radiograf/lege, men meiner at det må opnast for at andre kompetente personar i spesifiserte tilfelle kan ta seg av apparaturen, men at vedkommande kan dokumentere å ha fått apparat- og metodespesifikk opplæring og at vedkommande arbeider ut frå godkjente, dokumenterte prosedyrar. Det kan bli vanskeleg å etterleve kravet. Ved fleire einingar finnes utstyr som ifølge kravet berre skal betjenast av radiograf/lege, men der slikt personell ikkje finnes. Bruk av utstyret kan likevel være fullt forsvarlig ut frå intensjonen i forskrifta så lenge utstyret blir handtert av personar som har fått opplæring og som følgjer relevante prosedyrar slik som vist til ovanfor.

Utover dette er det fleire setningar i §46 som kan gjerast tydelegare:

Forskrifta viser til ”*profesjonsutdanning som stråleterapeut på bachelornivå*”. Vi er ikkje kjent med at slik utdanning finnes i Noreg. Forskrifta ønskjer truleg å stille krav til at den som betjener apparaturen skal ha bachelorutdanning innan helsefag (fortrinnsvis radiografi) og skal i tillegg ha vidareutdanning i stråleterapi.

Når det gjeld betjening av PET/CT er krav til kompetanse også uklart. Skal den som betjener apparaturen inneha kompetanse både i nukleærmedisin og i radiografi, eller er det tilstrekkelig at kompetanse finnes ved eininga? Må personen ha autorisasjon som radiograf? Vi stiller også spørsmålsteikn til kvifor det ikkje stilles krav til kompetanse innan radiologi.

Med helsing



Hans K. Stenby  
Plansjef



Ingvill Skogseth  
seniorrådgjevar